

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/16	Førebuande fellesnemnd - ny kommune	PS	17.11.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	16/3602

**Førebuande fellesnemnd «ny kommune»**  
**Samanslåing Lindås, Meland og Radøy kommunar**

**Framlegg:**

Mandatet til førebels fellesnemnd vert vedteke slik det ligg føre.

**Førebuande fellesnemnd - ny kommune - 005/16**

**FELLES - behandling:**

Alternative forslag: Justering av tilråding: Mandatet til førebuande fellesnemnd vert vedteke slik det ligg føre som innstilling til kommunestyra.

Tilleggspunkt: Førebuande fellesnemnd kan sette ned politiske arbeidsgrupper ved behov.

Alternativt framlegg med tilleggspunkt vart samråystes vedteke.

**FELLES - vedtak:**

Mandatet til førebuande fellesnemnd vert vedteke slik det ligg føre som innstilling til kommunestyra. Førebuande fellesnemnd kan sette ned politiske arbeidsgrupper ved behov.

**Saksopplysningar:**

Mandatet gjeld til fellesnemnd etter Inndelingslova er oppretta.

- Førebels fellesnemnd skal starte opp kommunesamanslåinga gjennom å:
  - Sette i gang kartleggingsprosjekt som skal vere grunnlag for vidare arbeid. Døme: IKT, dokumenthandtering, arbeidsgjeverpolitikk, personalsystem.
  - Godkjenne utkast til samla framdriftsplan for samanslåingsprosessen. Framdriftsplanen vert endeleg godkjent i lovforankra fellesnemnd.
  - Godkjenne utkast til budsjett for fellesnemnda si verksemد fra 2017 til og med 2019.
  - Godkjenne utkast til prosjektorganisering.
- Førebels fellesnemnd skal engasjere prosjektleiar- og kommunikasjonsressurs for arbeidet fram til lovforankra fellesnemnd er etablert.
- Førebels fellesnemnd skal sjá til at regler og avtaler om tilsette og tillitsvalde si medverknad i tilhøve som gjeld samanslåing av kommunane vert ivaretaken.
- Medlemmene i førebels fellesnemnd er arbeidsgjever sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen.
- Førebels fellesnemnd skal etterspørje og avklare alle prinsipielle tilhøve som gjeld samanslåingsprosessen.
- Førebels fellesnemnd kan uttale seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval og som fellesnemnda meiner kan ha konsekvensar for samanslåingsprosessen.
- Førebels fellesnemnd har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske konsekvensar og vurdere kommunane sine økonomiplanar for budsjettåret 2020 som vert vedtekne i desember 2016.
- Førebels fellesnemnd skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerder.
- Prosessen for tilsetting av prosjektleiar inkludert korleis tillitsvalde skal inkluderast på ein god måte, skal handsamast av partssamansett utval. Utvalet skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjever og dei tilsette. Utvalet skal gi uttale i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.